

## PDF- utdeling til Einar Høystad

Etter sin utdanning som sivilagronom frå Lanbrukshøgskolen på Ås i 1969, ble han bare etter 2-3 år engasjert i utviklingsarbeid for FN's landbruksorganisasjon FAO, med opphald i tre ulike land (med ulike språk, som han lærte seg: spansk, portugisisk og fransk.

-1972-73 Mexico, 1974- 1976 Brasil, og 1976- 78 Madagaskar.

I 1978 vart han heiltidsbonde på Sperre i Ringebu. Gardsdrifta var hovudyrket frå 1978 til 1996. Men også i tida som bonde tok han på seg forskjellige oppdrag i ulike land i Afrika, Latin-Amerika og i Asia.

I perioden 1978 – 2002 har han hatt oppdrag i 35 forskjellige land, for NORAD og forskjellige FN-organisasjonar, særleg FAO (Food and Agricultural Organisation), men også ILO og Det norske utanriksdepartement, Landbrukssamvirket og Den Asiatiske Utviklingsbank. For det meste var oppdraga knytt til landbruk, avl og særleg landbrukssamvirke. Hadde også eit narkotikarelatert oppdrag.

For Norges Vel har han hatt fleire oppdrag i Latin-Amerika. I fattige Mali har han hatt mange oppdrag, og fleire i Bhutan.

Ofte har det vore oppdrag der han har vore borte i ein månad i slengen.

Mange oppdrag har vore evaluering av prosjekt, særleg knytt til landbruksorganisering, organisering av bønder i grupper og samvirke. Også organisering av kreditt til småbønder, samt prosjektplanlegging.

Han har også vore valobservatør for FN i til dels farefylte oppdrag i Namibia (valet i 1989), Haiti (andre valomgang i 1991), El Salvador og Kambodsja. Mest risikofyllt var det da han var valobservatør i Contrasland ved grenselva Rio Coco i Nicaragua.

I perioden 2002-2008 var han leiar av prosjektet Ringebu Natur, med støtte frå Innovasjon Norge, i fem år. Dette skulle legge til rette for at grunneigarar i kommunen kunne nyttiggjere seg naturressursar som jakt, fiske og utleige av hytter og seterhus på en betre måte og slik utvikle naturbasert reiseliv i kommunen.

Sidan 2008 og fram til 2016 har han arbeidd med asylsøkarar, i hovudsak barn og unge, som har blitt plassert i Gudbrandsdalen, dei tre siste åra som leiar for asylmottaket i Ringebu. Da har språkkunnskapane og lang internasjonal erfaring i ulike kulturar kome godt med. Oppgåva har vore å hjelpe til med integreringa av dei som har fått innvilga asyl, og legge til rette for arbeidstrening og aktivitetar til søkarane som har komme til asylmottaket i Ringebu.

Einar har også lagt ned et stort arbeid både for Ringebu prestegard, og for Ringebu historielag, og har tidligare mottatt Kulturprisen for Ringebu kommune. Hans arbeid med dette er i høyeste grad relevant for PHF tildelingen som han nå skal motta.

Noe av den grunngevinga som var nedfelt i forbindelse med nevnte kulturpris, tas også med her: Det prosjektet som har tatt mest av Einars tid de siste åtte årene, er som leder av Stiftelsen Ringebu Prestegard.

I 2006 tok Ringebu kommune, historielaget (hvor Einar også var leder) og soknerådet over stafettpinnen etter Einar Nagell-Erichsen, som hadde rustet opp Prestegarden og fylt den med kunstmalerier av Jacob Weidemann. Ønsket var å fortsette driften av Ringebu Prestegard som et senter for kunst og kultur, og vedlikeholde denne unike, fredede gården.

Einar Høystad sitt arbeide i historielaget er også betydelig. Der har han vært leder i 10-12 år.

Historielaget har 620 medlemmer.

De legger hvert år ned mye arbeid i årboka «Hemgrenda», og har tidligere utgitt «Seterhistorie for Ringebu».